

Møteinnkalling

Utval:	Finansutvalet
Møtestad:	Digitalt
Dato:	28.10.2021
Tid:	11:00

Program

11:00/når fylkesutvalet er ferdig Orientering om budsjettsaka v/fylkesdirektør
Rune Haugsdal
Saksbehandling til møtet kan avsluttast

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i finansutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



Jon Askeland

fylkesordførar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 7/21 GK 8/21	Godkjenningssaker Godkjenning innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i finansutvalet 21.09.2021	2019/65	
PS 5/21	Politiske saker Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 4/21	2021/49859	

**Godkjenningssaker
GK 7/21 Godkjenning innkalling og sakliste**

Saksnr: 2019/65-46
Saksbehandlar: Berit Dianne Kilvær

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Finansutvalet	8/21	28.10.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i finansutvalet 21.09.2021

Møteprotokoll frå møtet i finansutvalet 21. september 2021 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Finansutvalet
Møtestad:	Scandic hotell Voss, Evangerv. 1a, Voss
Dato:	21.09.2021
Tid:	10:00-12:30

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representere r	
Jon Askeland	Leiar	SP	
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP	Frå kl. 10:25
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG	
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Trude Brosvik	Medlem	KRF	
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Noralv Distad	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	
Morten Klementsens	Medlem	UA	
Terje Søviknes	Medlem	FRP	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Torbjørn Vereide	Medlem	A

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Nina Bognøy	Torbjørn Vereide	A

Merknader
Følgjande hovudutvalsleiarar møte:

Stian Jean Opedal Davies (A) frå hovudutval for kultur-, idrett og integrering
 Karianne Alette Torvanger (A) frå hovudutval for opplæring og kompetanse
 Tor Andre Ljosland (KRF) frå hovudutval for næring.

Terje Kollbotn (R) representerte partiet Raudt i møtet.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkeskommunedirektør
Ingrid Holm Svendsen	Avdelingsdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Avdelingsdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse
Bård Sandal	Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering
Håkon Rasmussen	Avdelingsdirektør mobilitet og kollektivtransport

Dina Lefdal
Bertil Søfteland
Silje Lyngstad

Avdelingsdirektør infrastruktur og veg
Seksjonsleiar politisk sekretariat
Rådgevar politisk sekretariat/møtesekretær

Saksliste			
Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 6/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i finansutvalet 01.06.21	2019/65	
	Politiske saker		
PS 4/21	Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21	2021/39119	

Godkjenningssaker

GK 5/21 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i finansutvalet - 21.09.2021

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 6/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i finansutvalet 01.06.21

Saksprotokoll i finansutvalet - 21.09.2021

Møteprotokoll frå møte 01.06.21 vart godkjent utan merknader.

Politiske saker

PS 4/21 Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21

Forslag til vedtak

Finansutvalet gjer følgjande prosessvedtak:

1. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
 - Prosess arbeidsdokument 3
 - Saldering driftsbudsjett
 - Budsjettmessige klimakonsekvansar
 - Investeringsbudsjett
 - Oppfølgingspunkt
 - Status kopling mellom planarbeidet og økonomiplanen
 - Planmidlar bybanen byggesteg 5
 - Kontraktskostnadar vegsektoren
2. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
 - Sentrale inntekter
 - Løn- og prisvekst
 - Verknadar av Korona- pandemien for budsjett 2022
 - Endringar i fylkesvegkriteriet
3. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
 - Sektorrammer
 - Løyvingsnivå
 - Tekniske endringar
 - Innarbeidde tiltak
 - Alternative tiltak- Referatsaker og protokollar
 - Sektorar utan hovudutval
4. Finansutvalet ber om at presentert investeringsprogram for bygg og eigedom vert innarbeidd i budsjettet.
5. Finansutvalet ber om at presentert investeringsprogram for kollektiv vert innarbeidd i budsjettet.
6. Opplæring og kompetanse: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak..
7. Mobilitet og kollektiv: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak
8. Infrastruktur og veg: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.
9. Kultur, idrett og inkludering: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.

10. Innovasjon og næringsutvikling: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltaka.

11. Strategisk utvikling og digitalisering: Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak.

12. Tannhelse: Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak

13. Organisasjon og økonomi: Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak..

14. Finansutvalet viser til budsjett for politisk nivå og kontrollutvalet, og tek dette til vitande.

Saksprotokoll i finansutvalet - 21.09.2021

Aleksander Øren Heen (SP) sette på vegner av SP, A, MDG, SV, V, KRF fram slik forslag:

«Endring

Ordlyden "sluttar seg til" vert endra til "tek til vitande" i punkt 6-10.»

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 6 med Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 7 med Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 8 med Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 9 med Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 10 med Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 11 vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 12 vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 13 vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 14 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Finansutvalet gjer følgjande prosessvedtak:

1. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Prosess arbeidsdokument 3
- Saldering driftsbudsjett
- Budsjettmessige klimakonsekvensar
- Investeringsbudsjett
- Oppfølgingspunkt
- Status kopling mellom planarbeidet og økonomiplanen
- Planmidlar bybanen byggesteg 5
- Kontraktskostnadar vegsektoren

2. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Sentrale inntekter
- Løn- og prisvekst
- Verknadar av Korona- pandemien for budsjett 2022
- Endringar i fylkesvegkriteriet

3. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Sektorrammer
- Løyvingsnivå
- Tekniske endringar

- Innarbeidde tiltak
- Alternative tiltak- Referatsaker og protokollar
- Sektorar utan hovudutval

4. Finansutvalet ber om at presentert investeringsprogram for bygg og eigedom vert innarbeidd i budsjettet.

5. Finansutvalet ber om at presentert investeringsprogram for kollektiv vert innarbeidd i budsjettet.

6. Opplæring og kompetanse: Finansutvalet tek til vitande uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak..

7. Mobilitet og kollektiv: Finansutvalet tek til vitande uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak

8. Infrastruktur og veg: Finansutvalet tek til vitande uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.

9. Kultur, idrett og inkludering: Finansutvalet tek til vitande uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.

10. Innovasjon og næringsutvikling: Finansutvalet tek til vitande uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltaka.

11. Strategisk utvikling og digitalisering: Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak.

12. Tannhelse: Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak

13. Organisasjon og økonomi: Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak..

14. Finansutvalet viser til budsjett for politisk nivå og kontrollutvalet, og tek dette til vitande.

Politiske saker
PS 5/21 Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 4/21

Saksnr: 2021/49859-1
Saksbehandlar: Karl Viken

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Finansutvalet	5/21	28.10.2021

Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 4/21

Forslag vedtak

Finansutvalet gjer følgjande prosessvedtak:

1. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
 - Statsbudsjettet for 2022 - hovudbilete
 - Vedlagt løypemelding om klimabudsjettet
 - Gjenstående budsjettprosess
2. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
 - Endringar rammetilskot
 - Løns- og prisvekst
 - Oversyn økonomi Vestland fylkeskommune etter statsbudsjettet
3. Finansutvalet tek følgjande orienteringar om presentert investeringsbudsjett for 2022- 2025 til vitande;
 - Omrekning av rammene til 2022- kr
 - Nye moment sidan førre møte; eigedom og kollektiv
 - Investeringsbudsjett for fylkesveg 2022- 2025 med midlar til investeringsprosjekt og rassikring som vert fordelt gjennom arbeidet med RTP.
4. Finansutvalet tek følgjande orienteringar for presentert driftsbudsjett for 2022 til vitande;
 - Omrekning av rammene til 2022-kr
 - Endringar som følgje av statsbudsjettet
 - Oppdaterte sektorrammer

Finansutvalet ber om at fylkesdirektøren innarbeider følgjande meirbehov med spesifisert finansiering;

-
-
-
-

Rune Haugsdal
fylkesdirektørIngrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I det fjerde arbeidsdokumentet til finansutvalet i 2021 har fylkesdirektøren fokus på følgjande moment:

Innleiing

- Hovudmoment arbeidsdokument 4
 - Innarbeiding av statsbudsjettet for 2022
 - Investeringsbudsjett for fylkesvegane
 - Oppdaterte rammer driftsbudsjett 2022
- Statsbudsjettet for 2022 - hovudbilete
- Status / oppfølgingspunkt
 - Løypemelding klimabudsjett
- Gjenstående budsjettprosess

1 Statsbudsjettet 2022

- Endringar rammetilskot
- Løns- og prisvekst
- Oversyn økonomi Vestland etter statsbudsjettet

2 Investeringsbudsjett 2022- 2025

- Omrekning av rammene til 2022- kr
- Nye moment sidan førre møte
- Investeringsbudsjett for fylkesveg 2022- 2025
 - Tabelloversyn
 - Moment investering fylkesveg
 - Miljøløftet 2022- 2025, fylkesvegdelen
- Investeringsbudsjett - siste møte i finansutvalet i november

3 Driftsbudsjett 2022

- Omrekning av rammene til 2022-kr
- Endringar som følgje av statsbudsjettet
- Innarbeidde salderingstiltak
- Administrativt innsparingsprogram
- Oppdaterte sektorrammer
- Meirbehov som ikkje er finansierte

Neste møte

- Endeleg framlegg til budsjett

Arbeidsdokumentet er vedlagt saka.

Løypemelding for arbeidet med klimabudsjett er og vedlagt.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Viktig dokument for økonomiutviklinga i fylkeskommunen

Klima: Tiltak i økonomiplanen kan påverke klima

Folkehelse: Tiltak i økonomiplanen kan påverke folkehelse

Regional planstrategi: Utviklingsplan/regional planstrategi er ein viktig premiss for arbeidet med ny økonomiplan

Finansutvalet 28.10.21

Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - Arbeidsdokument 4/21

I det fjerde arbeidsdokumentet til finansutvalet i 2021 har fylkesdirektøren fokus på følgende moment:

Innleiing

- Hovudmoment arbeidsdokument 4
 - Innarbeiding av statsbudsjettet for 2022
 - Investeringsbudsjett for fylkesvegane
 - Oppdaterte rammer driftsbudsjett 2022
- Statsbudsjettet for 2022 - hovudbilete
- Status / oppfølgingspunkt
 - Løypemelding klimabudsjett
- Gjenstående budsjettprosess

1 Statsbudsjettet 2022

- Endringar rammetilskot
- Løns- og prisvekst
- Oversyn økonomi Vestland etter statsbudsjettet

2 Investeringsbudsjett 2022- 2025

- Omrekning av rammene til 2022- kr
- Nye moment sidan førre møte
- Investeringsbudsjett for fylkesveg 2022- 2025
 - Tabelloversyn
 - Moment investering fylkesveg
 - Miljøløftet 2022- 2025, fylkesvegdelen
- Investeringsbudsjett - siste møte i finansutvalet i november

3 Driftsbudsjett 2022

- Omrekning av rammene til 2022-kr
- Endringar som følgje av statsbudsjettet
- Oppdaterte sektorrammer
- Meirbehov som ikkje er finansierte
- Mindrebehov

Neste møte

- Endeleg framlegg til budsjett

Innleiing

Hovudmoment arbeidsdokument 4

- Innarbeiding av framlagt statsbudsjett 2022
Eit sentralt moment i arbeidsdokumentet er verknadane av framlagt statsbudsjett på økonomien til Vestland fylkeskommune.
- Investeringsbudsjett for fylkesvegane
Investeringsbudsjettet for fylkesvegane vert presentert i dette dokumentet. Dei andre delane på investeringssida av budsjettet er presentert i tidlegare arbeidsdokument. I tillegg vil ein no ha eit investeringsbudsjett som er omrekna til 2022- kr.

Det særskilte i dette budsjettet, er at åra etter 2022 i budsjettopplegget vert påverka av handsaminga av Regional transportplan - RTP. Til fylkestinget i desember kjem den strategisk delen av RTP til handsaming, medan handlingsprogrammet vert lagt fram for fylkestinget i juni 2022. Fylkesdirektøren har difor utarbeidd budsjett for prosjekt under arbeid i 2022, medan det ikkje er tatt med prosjekt for dei tre siste åra i planperioden 2023-2025. For desse åra er det ført opp samlesummar til fordeling på prosjekt gjennom arbeidet med handlingsprogrammet våren 2022.

- Gjenstående prosess
Etter denne fjerde runden står siste runde av budsjettprosessen att der finansutvalet presenter innstilling til eit samla budsjettdokument.

Statsbudsjettet for 2022 - hovudbilete

I opplegget for budsjett 2022 har ein så langt lagt til grunn eit samla nivå på dei frie inntektene på 10 679 mill. kr. Det framlagte statsbudsjettet frå Solberg-regjeringa viser at dei frie inntektene til Vestland fylkeskommune er stipulert til 10 730 mill. kr. Isolert sett svarar dette til ei meirinntekt i høve til det som låg inne i budsjettopplegget på 51 mill. kr.

Ein del av veksten i dei frie inntektene må gå til finansiering av tiltak i budsjettet. På kollektivområdet gjeld dette kostnadsauke på om lag 20 mill. kr grunna høgare Co2- avgift. Auka fleksibilitet i vidaregåande opplæring vil auke kostnadane med om lag 10 mill. kr. På kulturminneområdet held ein fram med den gradvise overføringa av oppgåver frå Riksantikvaren.

På den andre sida kjem Vestland fylkeskommune betre ut enn tidlegare rekna når det gjeld midlar til opprusting av tunnelar; her aukar Vestland fylkeskommune sin del frå 70,7 mill. kr til 123,5 mill. kr, og fylkesdirektøren foreslår å auke overføringa av midlar frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet som følgje av dette.

Stortinget vedtok 25% reduksjon i ferjetakstane frå 1. juli 2021. Inntektstapet som følgje av dette vart kompensert med 35 mill. kr i 2021. Så langt i budsjettprosessen har ein lagt til grunn at takstreduksjonen frå 2. halvår 2021 vart vidareført i 2022.

I statsbudsjett er det lagt opp til noko mindre reduksjon i ferjetakstane enn vidareføring av Stortinget sitt vedtak. Reduksjonen er sett til 17,5 % rekna ut frå nivået i 1. halvår 2021. Kompensasjonssummen til den einskilde fylkeskommune er enno ikkje kjent.

Fylkesdirektøren har så langt lagt til grunn opplegget i statsbudsjettet, men vil kome attende til ferjetakstane i og med at den nye regjeringa har varsla takstreduksjonar utover forslaget i regjeringa Solberg sitt statsbudsjett.

Samla vurdering etter statsbudsjettet er at Vestland fylkeskommune kjem ut om lag likt som det som tidlegare har vorte lagt til grunn i budsjettprosessen.

Status / oppfølgingspunkt

Løypemelding klimabudsjett

I førre møte i finansutvalet 21. september vart det etterspurt status for arbeidet med klimabudsjett. Det vert no arbeidd med å ferdigstilla eit klimakapittel i det endelege budsjettet som kjem til handsaming i november. Vedlagt dette arbeidsdokumentet er eit notat som inneheld løypemelding om dette arbeidet.

Gjenstående budsjettprosess

Finansutvalet skal i neste møte leggje fram si innstilling til årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 5/21. Deretter går arbeidsdokumentet og ferdig budsjettbok fyrst til handsaming i hovudutvala, før den går til fylkesutvalet 30. november. Fylkesutvalet kjem med si innstilling til fylkestinget som gjer endeleg budsjettvedtak 15. desember.

Det er no klart at det kjem ein tilleggsproposisjon frå ny regjering i november, og dei endringane og tilleggane som kjem der vil og måtte arbeidast inn i opplegget.

Tilråding til prosessvedtak nr 1:

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Statsbudsjettet for 2022 - hovudbilete
- Vedlagt løypemelding om klimabudsjettet
- Gjenstående budsjettprosess

1 Statsbudsjettet 2022

Utover det som er nemnt ovanfor, vil fylkesdirektøren peike på nokre punkt:

Inntektstap kollektivtrafikken

Fylkeskommunane har vorte kompensert for tapa innan kollektivtrafikken gjennom heile pandemien. I statsbudsjettet er det ikkje lagt opp til vidare kompensasjon i 2022. Det er meldt at det skal gjennomgåast kva som er utbetalt i kompensasjon i 2021, og eventuelt om dette har vore i samsvar med det faktiske inntektstapet. Resultatet av dette arbeidet skal regjeringa kome attende til i revidert nasjonalbudsjett for 2022.

Havbruksfond

Frå 2022 er tildelinga frå havbruksfondet lagt om. Det er innført ei produksjonsavgift på laks og aure. I statsbudsjettet er det ført opp 497 mill. kr. 1/8 av summen skal fordelast til fylkeskommunane. Ein ventar at Vestland sin del kan bli om lag 13 mill. kr.

I tillegg kjem inntekt frå nye konsesjonar. Dette vil variere mykje frå år til år, og summen ein vil få i 2022 er enno ikkje kjent. Ein fører førebels opp ei samla inntekt frå havbruksfondet på 30 mill. kr. I 2021 fekk Vestland fylkeskommune 26,5 mill. kr.

Løns- og prisvekst

Deflatoren for 2022 (løns- og prisvekst) er i framlegget til statsbudsjett sett til 2,5 %. I dette er lønsveksten venta å verte 3,2 %, medan konsumprisindeksen er sett til 1,6 %. I høve til det som er lagt inn i budsjettopplegget til Vestland fylkeskommune fram til no, er det gitt noko meir vekst til sektorane enn dette. Samstundes er prisveksten i 2021 vorte noko høgare enn lagt til grunn, slik at det i sum ikkje vil vere grunn til å endre på opplegget, slik fylkesdirektøren vurderer det.

Forventa lønstillegg i 2022 vert ført opp som ein samla sum no, og vert fordelt etter at lønsforhandlingane er gjennomførte hausten 2022. Det som er lagt inn i rammene til sektorane er verknaden av lønstillegga i 2021. Sektorane budsjetterer dermed med lønsnivå pr. 01.01.2022.

Oversyn økonomi Vestland etter statsbudsjettet

Tabellen gjev eit bilete av totaløkonomien til Vestland fylkeskommune når verknadane av statsbudsjettet for 2022 er rekna inn og andre fellesinntekter/-utgifter er tekne med.

	BUDSJ. 2021	AD3 2021 Tal i 2021-kr	AD4 2021 Tal i 2022-kr

Skatt, rammetilskot og inntektsutjamn.	-10 279 828	-10 350 000	-10 729 616
Andre generelle statstilskot	-27 529	-40 000	-30 000
Konsesjonskraftsinntekter	-152 000	-170 000	-180 000
Kapitalinnt/utg, utbytte og rentekomp.	852 400	951 900	980 200
Lønsavsetjing/premieavvik	14 900	80 000	9 800
Bruk/avsetning til fond	62 978	53 521	50 616
Overføring til investering	552 500	600 000	615 000
Sum felles inntekter og utgifter	-8 976 579	-8 874 579	-9 284 000
Til fordeling driftsbudsjett sektorar			9 284 000
			0

Kommentarar til tabellen

Av tabellen går det fram at det samla budsjettet til fordeling på sektorane er på knapt 9,3 mrd. kr i 2022. I tabell under avsnittet Driftsbudsjett 2022 / Oppdaterte rammer, mot slutten av arbeidsdokumentet, er denne summen fordelt på budsjettammer for dei ulike sektorane.

Den viktigaste endringa i tabellen frå førre arbeidsdokument er at ein no opererer med 2022-kr. I økonomiplanen frå juni var tala i 2021-kr. Oppjustering av skatt og rammetilskot med 2,5 % utgjør 258,75 mill. kr.

Talet for skatt, rammetilskot og inntektsutjamning er overslaget ein finn i statsbudsjettet (grønt hefte).

Under andre generelle tilskot er det budsjettert med utbetaling frå havbruksfondet. Summen er eit førebels overslag og vert oppdatert når ein får meir informasjon om fordeling av fondsmidlane på dei ulike fylkeskommunane.

For konsesjonskraftinntektene kan det kome oppdaterte tal, og desse vil i så fall verte innarbeidde i arbeidsdokument 5/21.

Kapitalinntekter og -utgifter er rekna ut på grunnlag av marknaden sine forventningar til utviklinga i 3 månads nibor- rente. For 2022 har ein lagt til grunn rente på 1,15 %. Rammene for dei ulike investeringsprogramma som er presenterte i dette arbeidsdokumentet ligg til grunn for utrekninga av kapitalutgiftene.

Summen som er ført opp under lønsavsetjing/premieavvik kjem fram slik:

Avsett for lønstillegg i 2022	73 000
Premieavvik 2022	-158 400
Amortisering av tidlegare premieavvik	<u>95 200</u>
Sum	<u>9 800</u>

Premieavvik er differansen mellom betalt premie og pensjonskostnaden som skal rekneskapsførast det einskilde året. Reglande for budsjettering og rekneskapsføring av pensjonspremie og pensjonskostnader er fastsett i eiga forskrift. Eit positivt premieavvik, slik prognosen for 2022 frå Storebrand viser, må dekkast inn dei komande sju åra frå 2023 med like årlege summar.

Summen på 95,2 mill. kr i tabellen gjeld tilsvarande inndeckingssum av premieavvik frå tidlegare år. Nedbetalingstida/amortiseringa av tidlegare premieavvik har vorte korta inn frå opphavleg 15 år, så ti år og dei siste avvika har inndeckingstid på sju år.

Då arbeidsdokument 3/21 vart utarbeidd, hadde ein enno ikkje fått overslag frå Storebrand om premieavvik i 2022. Ein førde opp overslag på 80 mill. kr til lønsavsetjing, og så rekna ein med at nytt premieavvik i 2022 ville vere stort nok til å motsvare amortisering av tidlegare års premieavvik.

Opplysningar frå Storebrand viser at overslag over premieavvik er større enn det som går med til nedbetaling/amortisering av tidlegare premieavvik slik at summen av desse faktorane samla er lågare enn lagt til grunn i arbeidsdokument 3/21, jf. tabellen ovanfor.

Sum avsetjing til fond har ein tilpassa for å saldere budsjettet.

Overføring til investering er auka til 615 mill. kr. Auken kan sjåast i samanheng med at det i rammetilskotet er lagt inn meir midlar til opprusting av tunnelar. Midlane til tunneloppgraderinga kjem som ein del av dei frie midlane i driftsbudsjettet.

Tilråding til prosessvedtak nr 2:

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Endringar rammetilskot
- Løns- og prisvekst
- Oversyn økonomi Vestland etter statsbudsjettet

2 Investeringsbudsjett

I arbeidsdokument 2/21 gjorde finansutvalet prosessvedtak om å slutte seg til presenterte rammer for dei tre investeringsprogramma, og at desse skulle innarbeidast i det vidare budsjettarbeidet.

I arbeidsdokument 3/21 vart investeringsprogram for eigedom og bygg og for kollektiv presentert med prosjektoptalar og årleg løyving i neste 4- års periode. Under vert investeringsprogram for veg presentert, og dermed er alle tre programma for investering presentert. Heile investeringsbudsjettet er rekna om til 2022- kr.

Omrekning av rammene til 2022- kr

På same måte som driftsbudsjettet vert investeringsbudsjettet rekna om til 2022- kr etter at statsbudsjettet er lagt fram. Det er brukt 2,5 % som gjennomgåande omrekningfaktor i budsjettet. Som nemnt over, er dette deflatoren i statsbudsjettet.

Investeringsrammene for kommande økonomiplanperiode etter omrekning vert dermed som følgjer:

Sektorar / 1000 kr	Sum 2022- 2025	2022	2023	2024	2025
Fylkesveg, inkl. tunellar og rassikring	12 597 066	2 769 476	3 070 872	3 351 047	3 405 671
Kollektiv, inkl. bybane	3 310 955	1 248 040	577 895	926 395	558 625
Bygg og eigedom	5 389 450	1 597 565	1 403 328	1 213 600	1 174 958
SUM	21 297 471	5 615 081	5 052 095	5 491 042	5 139 254

Samla er det lagt opp til investeringar på 21,3 mrd. kr i 4- årsperioden, og årlege investeringar på mellom 5,1 mrd. kr og 5,6 mrd. kr i 2022- kr. På grunn av handsaminga av RTP er det lagt opp til at fordeling av investeringssummane på prosjekt for åra 2023-2025 vert gjort som del av arbeidet med handlingsprogrammet som er planlagt handsama av fylkestinget i juni 2022.

Nye moment sidan førre møte

Investeringsprogram for bygg og eigedom - Røntgenutstyr tannhelse

Tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar hadde ulike røntgenløysingar innan tannhelse, og det er naudsynt å ha ei felles løysing for dette i Vestland fylkeskommune. Røntgensystemet som er brukt i tidlegare Hordaland er ikkje lenger i produksjon, og denne typen kan difor ikkje kjøpast. Dersom ein klinikk i tidlegare Hordaland får utstyret sitt øydelagt, vil det kunne skapa ein vanskeleg driftssituasjon med risiko for økonomiske tap. Difor er det naudsynt med investeringar i nytt utstyr.

Arbeidet med utarbeiding av anbod er ferdig, og konkurransen vert utlyst om kort tid. Det er stipulert at kostnaden for denne investeringa kjem på om lag 12 mill. kr. Det er sett av 8 mill. kr i 2022 og 4 mill. kr i 2023 til dette prosjektet.

Investeringsprogram for kollektiv - Ulike byggetiltak innan kollektiv

Innanfor investeringsprogram for kollektiv har eigedomsavdelinga ein investeringspott som er nytta til opparbeiding og utbetring av mellom anna terminal-, sjåfør- og kollektivfasilitetar. I tillegg vert midlane nytta til andre kollektivanlegg som venterom og bussanlegg. Denne potten har tidlegare vore om lag 7 mill. kr. På grunn av at ein har teke over ansvar for kollektivfasilitetane på fleire kaianlegg, er det behov for å auke potten til 9 mill. kr pr. år.

Investeringsbudsjett for fylkesveg 2022- 2025

Investeringsprogramma for bygg og eigedom og for kollektiv vart som nemnt presentert i førre arbeidsdokument. Under vert investeringsprogrammet for fylkesveg for dei fire neste åra presentert. Det særskilte i dette budsjettopplegget, er at åra etter 2022 vert påverka av handsaminga av Regional transportplan. Til fylkestinget i desember kjem den strategiske delen av RTP til handsaming, medan handlingsprogrammet vert lagt fram for fylkestinget i juni 2022. Fylkesdirektøren har difor utarbeidd budsjett for prosjekt under arbeid i 2022, medan det ikkje er tatt med prosjekt for dei tre siste åra i planperioden 2023- 2025. For desse åra er det ført opp samlesummar til fordeling på prosjekt gjennom arbeidet med handlingsprogrammet våren 2022.

Det er i utgangspunktet for åra 2023- 2025 samla sett av investeringssum på 2,071 mrd. kr til fordeling i arbeidet med handlingsprogrammet for RTP. Tilsvarande er det sett av 375 mill. kr i ufordelt sum innanfor rassikring for same periode.

Tabelloversyn

Tabelloppsettet og tilhøyrande tekst under er i samsvar med:

- Tidlegare presenterte tal
- Oppdaterte tal for framdrift og kostnadsestimat
- I tråd med gjeldande handlingsreglar; i fyrste rekkje innanfor ein gjeldsgrad på 115 %
- Innanfor finansieringsopplegget i arbeidsdokument 2/21 som vart handsama i juni
- Omrekna til 2022- kr
- Som nemnt over er det sett ufordelte summar «Ufordelte midlar RTP» og «Ufordelte midlar rassikring RTP». Disponeringa av summane på dei to postane vil vere del av arbeidet med handlingsprogrammet for RTP. Den samla ramma for investeringsbudsjett 2022- 2025 er uendra; jf. rammene i arbeidsdokument 3 (i 2021- kr), men delar av investeringsmidlane er ført opp til seinare fordeling.
- Samanlikna med opplegget i førre økonomiplan for 2021- 2024, så er dei prosjekta som har løyving i 2022, eller prosjekt og investeringsmidlar som ligg med bindingar ut over 2022 tatt med.

Investeringar	Tal i 2022-kr	Sum 2022-2025	2022	2023	2024	2025	E. 2025
Bompengepakkar		4 293 629	988 962	983 410	1 151 950	1 169 307	221 908
Byvekstavt. (Miljøløftet) fylkesveg eks bybanen		1 406 337	441 212	342 750	325 375	297 000	0
Askøypakken		895 070	181 280	198 790	257 500	257 500	118 759
Nordhordlandspakken		951 720	172 010	264 710	257 500	257 500	103 149
Førdepakken		965 522	129 780	166 860	311 575	357 307	0
Haugalandspakken		17 300	17 300	0	0	0	0
Framtidige bompengepakkar		57 680	47 380	10 300	0	0	0
Store investeringsprosjekt		863 281	148 000	309 000	309 000	97 281	0
Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru		818 281	103 000	309 000	309 000	97 281	0
Austevollpakken		45 000	45 000	0	0	0	0
Tunnelrehabilitering		1 315 001	392 603	380 103	400 361	141 934	0
Fv. 5633 Seimsdalstunnelen		152 234	140 253	10 951	1 030	0	0
Fv. 566 Tiråstunnelen		93 112	72 512	20 600	0	0	0
Fv. 53 Tunnelar i Årdal		205 794	0	37 595	153 161	15 038	0
fv. 53 Steiggjetunnelen		85 696	77 044	8 652	0	0	0
Fv. 614 Magnhildskartunnelen		258 942	66 332	85 593	85 593	21 424	0
Fv. 540 Løvstakktunnelen		285 619	5 665	89 919	89 919	100 116	0
Fv. 555 Eitrheimstunnelen		185 194	23 587	85 593	70 658	5 356	0
Div eltilt (VTS og elektro fv. 50 Aurl-Hol)		48 410	7 210	41 200	0	0	0
Bruer og kaier		346 958	84 835	118 578	70 415	73 130	0
Bruer og kaier		205 848	81 745	105 188	18 915	0	0
Fv. 465 Risnes bru		61 800	3 090	10 300	48 410	0	0
Fv. 583 Osøyro		79 310	0	3 090	3 090	73 130	0
Mindre utbetringar		682 442	394 857	215 382	72 203	0	0
Fv. 161 Åsen - Helleskaret		131 119	49 749	51 500	29 870	0	0
Fv. 79 Øystese - Ålvik - Granvin		98 468	24 308	31 827	42 333	0	0
Fv. 611 Sæle - Engebø		126 500	61 700	64 800	0	0	0
Fv. 57 Dale-Storehaug		92 700	41 200	51 500	0	0	0
Fv. 500/5048/5050 Div tiltak - Halsnøysb.		25 276	25 276		0	0	0
Mindre utbetringar		208 379	192 624	15 755	0	0	0
Gang- og sykkelveg		171 403	128 162	27 050	16 191	0	0
Gang og sykkel		105 188	74 847	15 450	14 891	0	0
Fv. 548 Brandsøyvegen (refusjon)		3 900	1 300	1 300	1 300	0	0
Fv. 614 Breivika - Svelgen		32 548	32 548	0	0	0	0
Fv. 5704 Brandsøy - Solheim (delpkt)		29 767	19 467	10 300	0	0	0
Trafikktryggingstiltak		60 740	60 740	0	0	0	0
Trafikktryggingstiltak		60 740	60 740	0	0	0	0
Kollektivtrafikktiltak		26 251	21 101	5 150	0	0	0
Kollektivtiltak		26 251	21 101	5 150	0	0	0
Miljø og servicetiltak		6 180	3 605	2 575	0	0	0
Miljø og service		6 180	3 605	2 575	0	0	0
Planlegging		43 932	35 485	8 447	0	0	0
Planprogram		43 932	35 485	8 447	0	0	0
Øvrig		2 328 805	74 881	328 790	623 317	1 301 817	
Refusjonar		147 150	46 500	37 500	30 150	33 000	0
Grunnerverv/avslutning av prosjekt		96 614	23 381	24 411	24 411	24 411	0

Justerings mva. (refusjon)	6 000	1 500	1 500	1 500	1 500	0
Diverse	8 000	3 500	1 500	1 500	1 500	0
Ufordelte midlar RTP	2 071 041	0	263 879	565 756	1 241 406	
Rassikring	2 458 444	436 245	692 387	707 610	622 202	661 260
Mindre rassikringstiltak	210 058	110 353	99 705	0	0	0
Fv 500 Folgefonntn-Årsnes, byggtr	332 278	215 785	83 945	32 548	0	0
Fv. 722 Flovegen	52 015	14 935	37 080	0	0	0
Fv. 53 Ljoteli	4 532	4 532	0	0	0	0
Fv. 49 Tokagjelet	0	0	0	0	0	0
Fv. 55 Bru over Esefjorden	786 920	64 890	315 180	314 150	92 700	7 210
Fv. 79 Steinstøberget	236 900	5 150	25 750	51 500	154 500	238 960
Fv. 609 Heilevang	460 410	20 600	48 410	185 400	206 000	415 090
Ufordelte midlar rassikring RTP	375 331	0	82 317	124 012	169 002	0
Sum investering	12 597 066	2 769 476	3 070 872	3 351 047	3 405 671	883 168

Føresetnader - investering fylkesveg

Utgangspunktet er ei investeringsramme på 11,4 mrd. 2021-kr med tilhøyrande låneramme og anna finansiering som finansutvalet la til grunn i sitt møte i juni 2021. Då er ikkje fylkesvegdelene av miljøløftet medrekna. Den er omtala i eigen del under. Følgjande føresetnader er lagt til grunn i det investeringsbudsjettet som no vert presentert:

- Prosjekt som er i gang må bli slutført og løyvingar er justert i høve dette
- Nye prioriterte prosjekt i 2022 er vurdert med utgangspunkt i
 - o faglege grunnlag for bru, ferjekai og hurtigbåtkai
 - o fagleg grunnlag for tunnelrehabilitering
 - o fagleg grunnlag for rassikring
 - o planstatus
 - o kapasitet til å gjennomføre prosjekta

Investeringsprogrammet er no prisjustert og presentert i 2022-kr. Investeringsprogrammet er delt inn i ulike prosjektgrupper. Innanfor gruppene er det både konkrete prosjektløyvingar og samleløyvingar.

Det er vidare lagt inn ufordelte løyvingar der ein må kome tilbake til fordeling på prosjekt i samband med rullering av handlingsprogram til RTP.

Bompengepakkar

For dei pågåande bompengepakkanne, Askøypakken, Nordhordlandspakken og Førdepakken er løyvingane justert i høve til forventa framdrift. Samla for heile 4-årsperioden er det løyvd 2,9 mrd. kr til desse tre pakkane. For to bompengepakkar vil det til saman vere bindingar utover økonomiplanperioden på om lag 222 mill. kr.

Haugalandspakken er ein ny bompengepakke i investeringsprogrammet med 17,3 mill. kr i 2022 til prosjektet på fv. 47 Rophusvegen - Ekrene.

Løyvinga til framtidige bompengepakkar, samla 57,7 mill. kr i 4-årsperioden, gjeld det fylkeskommunale bidraget i ein eventuell revidert Bømlopakke.

Store investeringsprosjekt

Løyvingane til fv. 606 Ytre Steinsund bru er justert i høve til venta framdrift.

Det er foreslått eit nytt investeringsprosjekt, Austevollpakken, med ei løyving på 45 mill. kr. Det vert vist til fylkestingssak 44/21 der det vart vedteke å gå i forhandlingar med Austevoll kommune om eit mogleg spleiselag med ei ramme på 70 mill. kr frå fylkeskommunen. I tillegg til denne løyvinga har ein andre prosjekt som ligg i dei andre prosjektgruppene som vil bli sett i samband med ei

evt. Austevollpakke. Totalt er det i dette investeringsprogrammet teke høgde for ei brutto investeringsramme frå fylkeskommunen med 70 mill. kr.

Tunnelrehabilitering

Tidlegare har det vore ei samleløyving knytt til utbetring etter tunnelsikkerheitsforskrifta. Dette har vi no gått bort frå då det er store investeringar som her vert gjort. Fylkesdirektøren har også valt å prioritere anna naudsynt vedlikehald/ oppgradering i tunnelane samtidig med at det må utførast arbeid knytt til sikkerheitsforskrifta.

For dei pågåande og tidlegare prioriterte prosjekta, fv. 5633 Seimsdalstunnelen, fv. 566 Tiråstunnelen, fv. 53 tunnelar i Årdal, fv. 53 Steiggjetunnelen er løyvingane justert i høve forventa framdrift.

Det er i 2022 prioritert oppstart av følgjande tunnelrehabiliteringsprosjekt:

- Fv. 614 Magnhildskartunnelen, 258,9 mill. kr fordelt på 66,3 mill. kr i 2022, 85,6 mill. kr i 2023, 85,6 mill. kr i 2024 og 21,4 mill. kr i 2025.
- Fv. 540 Løvestakktunnelen, 285,6 mill. kr fordelt på 5,6 mill. kr i 2022, 89,9 mill. kr i 2023, 89,9 mill. kr i 2024 og 100,1 mill. kr i 2025.
- Fv. 555 Eitrheimtunnelen, 185,2 mill. kr fordelt på 23,6 mill. kr i 2022, 85,6 mill. kr i 2023, 70,6 mill. kr i 2024 og 5,4 mill. kr i 2025.

I tillegg til dette er det prioritert ei samleløyving knytt til diverse elektrotiltak på 48,4 mill. kr; fordelt på 7,2 mill. kr i 2022 og 41,2 mill. kr i 2023.

Bruer og kaier

Tidlegare har det vore ei samleløyving knytt til oppgradering av bruer og kaier under prosjektgruppa mindre utbetringar. Ein har no valt å definere bruer og kaier som ei eiga gruppe. To prosjekt over 50 mill. kr er skilt ut med eigne løyvingar. Det er:

- Fv. 465 Risnes bru, 61,8 mill. kr fordelt på 3,1 mill. kr i 2022, 10,3 mill. kr i 2023 og 48,4 mill. kr i 2024
- Fv. 583 Osøyro, 79,3 mill. kr fordelt på 3,1 mill. kr i 2023, 3,1 mill. kr i 2024 og 73,1 mill. kr i 2025.

Innanfor samleløyvinga *bruer og kaier* er pågåande prosjekt justert i høve forventa framdrift. Dette gjeld fv. 5266 Herdlesundet bru, fv. 543 Fjelbergøy ferjekai, fv. 5150 Lepsøysundet, fv. 500 Ranavik hurtigbåtkai, fv. 611 Hovland I Indre, fv. 60 Storeelva bru, fv. 615 Hjorteset I og Solheim I, fv. 5733 Nes, fv. 5724 Gytri og Briksdal I, fv. 5600 Frettheim.

Det er i 2022 prioritert oppstart av tiltak på følgjande bruer og kaier:

- Fv. 5098 Bakgården, 12,4 mill. kr fordelt på 3,1 mill. kr i 2022 og 9,3 mill. kr i 2023
- Losna ferjekai, 4,2 mill. kr i 2022
- Barmen ferjekai, 6,2 mill. kr fordelt på 1 mill. kr i 2022 og 5,2 mill. kr i 2023
- Fv. 121 Sandal bru, 2 mill. kr i 2022 og 9,3 mill. kr i 2023
- Fv. 575 Husa bru, 2 mill. kr i 2022 og 8 mill. kr i 2023.

Mindre utbetringar

Løyvingane til pågåande og tidlegare prioriterte prosjekt, fv. 5158 Åsen - Helleskaret, fv. 79 Øystese - Ålvik - Granvin, fv. 611 Sæle - Engebø er justert i høve forventa framdrift.

Når det gjeld fv. 57 Dale - Storehaug, er løyvinga til prosjektet tilrådd auka med 42,7 mill. kr til 102,7 mill. kr. Dette for å kunne gjennomføre planlagt tiltak på strekninga. Ein av kostnadsdrivarane er at det i prosjekteringa er avdekkta kvikkleire i grunnen. Dette fører til at prosjektet vert vesentleg dyrare enn tidlegare føresett.

Eit nytt prosjekt, fv. 500/5048/5050 Diverse tiltak - Halsnøysambandet, er innarbeidd. Tiltaka vert finansiert med overskytande bompengar etter avslutta innkrevjing av bompengar på Halsnøysambandet. Det vert lagt fram ei eiga sak til fylkestinget om disponering av midlane.

Innanfor samleøyvinga *mindre utbetringar* er pågåande prosjekt justert i høve forventa framdrift. Dette gjeld fv. 5384 Istadmyrane, Løkvemokrysset i Voss sentrum, fv. 55 Fortun, fv. 5476 Kvamsbrekko og seks prosjekt med tilskot frå staten i høve viktig næringstransport.

Det er sett av løyvingar i 2022 knytt til:

- Tiltak etter omklassifiseringsvedtak - 5,3 mill. kr
- Nye skilt - 4,2 mill. kr
- Strekningsvise punktutbetringar - 8 mill. kr
- Prosjektering - 3,2 mill. kr
- Spleiselag - 15 mill. kr

Gang- og sykkelveg

Løyvingane til prosjekta fv. 548 Brandsøyvegen (refusjon), fv. 614 Breivika - Svelgen og fv. 5704 Brandsøy - Solheim (delprosjekt) er justert i høve forventa framdrift. Det er ikkje lagt inn løyving til nye store gang- og sykkelprosjekt.

Innanfor samleøyvinga *gang- og sykkel* er pågåande prosjekt justert i høve forventa framdrift. Dette gjeld fv. 552 Hatvikvegen - Vallabrua, fv. 5240 Arefjordvegen, fv. 5240 Sartorvegen, fv. 500 Herøysundet, fv. 60 Loen - Solvik, fv. 49 Kvamskogen.

Det er i 2022 prioritert oppstart av følgjande mindre gang- og sykkeltiltak:

- Fv. 5062 Tysevegen, 7,2 mill. kr
- Fv. 5613 Dalavegen, 3,1 mil. kr
- Fv. 5641 Sykkelknapp Langanestunnelen, 1,5 mill. kr

Trafikktryggingstiltak

Tiltak innanfor kategorien trafikktryggingstiltak er mellom anna knytt til fartsregulering og sikring av kryssingspunkt, fortau/gang- og sykkelveg, veglys, rekkverk og sideterreng, hjartesoner.

Løyvingane til pågåande prosjekt er justert i høve forventa framdrift. Av nye prosjekt i 2022 er følgjande prioritert:

Fortau/gang- og sykkelveg:

Løyving på 3,7 mill. kr fordelt på fv. 609 Steinavegen, fv. 572 Omsorgstun - Ulvik sentrum, fv. 5226 Selstø

Fartsregulering og sikring kryssingspunkt:

Løyving på 2,3 mill. kr fordelt på fv. 5627 Aurland skule - sentrum, fv. 5422 Lonevåg, fv. 560 Fjellavegen, fv. 5314 Holme

Rekkverk og sideterreng:

Løyving på 6 mill. kr fordelt på fv. 5006 Rolvnesvegen, fv. 579 Solbjørgveien, fv. 60 Utvik, fv. 60 Strand, 564 Dalstø - Holme, fv. 49 Fonnaland, fv. 5394 Vikjavegen

Veglys:

Løyving på 7,8 mill. kr fordelt på fv. 57 Isdal nord, fv. 47 Tittelsnesvegen og fv. 5631 Timmersletti, fv. 5044 Vestlivegen

Andre TS-tiltak:

Løyving på 4,1 mill. kr fordelt på fv. 5715 Måløy - Oppedal, ufordelte løyvingar til strakstiltak etter ulykker og kommunale TS-planar

Trygg skuleveg:

Løyving på 5,5 mill. kr fordelt på fv. 5262 Davangervegen, fv. 579 Borgafjell barneskule, fv. 548 Valen, fv. 548 Skarveland skule, fv. 5046 Verftsvegen, fv. 5386 Raundalsvegen, fv. 620 Leikanger

Kollektivtrafikktiltak

Tiltak innanfor kollektivtrafikk er mellom anna knytt til haldeplassar, snusløyfe, knutepunkt og busskur. Kvart tiltak har ei kostnadsramme på inntil 10 mill. kr.

Løyvingane til pågåande prosjekt er justert i høve forventa framdrift.

Av nye prosjekt i 2022 er følgjande prioritert:

fv. 5452 Leknes aust, knutepunkt buss - Etne senter, Haldeplass Skeie og Mo aust, Matre skule, fv. 567 Helldalstølen, fv. 561 Vindenes kryss, knutepunkt buss - Dale Sentrum (Vaksdal).

Miljø- og servicetiltak

Det er sett av 3,6 mill. kr i 2022 og 2,6 mill. kr i 2023. Løyvinga skal nyttast til ulike lovpålagde tiltak i høve støy og vassforvaltning; samt rasteplassar og toalett langs fylkesvegnettet.

Planlegging

Det er sett av 35,5 mill. kr i 2022 og 8,5 mill. kr 2023 til planprogram på fylkesvegnettet. Med den framdrifta som er lagt til grunn for prosjekta i investeringsprogrammet er det naudsynt med 35,5 mill. kr i 2022.

Øvrig

Refusjonar: Det er sett av 46,5 mill. kr i 2022, 37,5 mill. kr i 2023, 30,2 mill. kr i 2024 og 33 mill. kr i 2025 knytt til refusjon av tidlegare forskottering på fylkesveg.

Grunnerverv/avslutning av prosjekt: Det er sett av 23,4 mill. kr i 2022 og 24,4 mill. kr årleg for åra 2023-2025. Løyvinga vert nytta til t.d. innløyising av bustadar i framtidig fylkesvegtrasear samt mindre ekstrakostnader og grunnervervsoppgjær etter at prosjektet er avslutta.

Mva-refusjon: Det er sett av ei årleg løyving på 1,5 mill. kr knytt til refusjon av meirverdiavgift på inngåtte justeringsavtalar med eksterne partar.

Diverse: Det er sett av 3,5 mill. kr i 2022 og 1,5 mill. kr årleg for åra 2023-2025. Løyvinga skal nyttast til kjøp av utstyr som er naudsynt som følgje av fylkeskommunen sitt ansvar for utbygging og drift av fylkesvegnettet samt nye vegskilt som følgje av regionreforma.

Ufordelt løyving RTP

Det er lagt inn ei ufordelt løyving på 2,1 mrd. kr fordelt med 263,9 mill. kr i 2023, 565,8 mill. kr i 2024 og 1 241,4 mill. kr i 2025. Fordeling av desse summene skal gjerast som del av arbeidet med handlingsprogrammet for RTP som er planlagt handsama på fylkestinget i juni 2022.

I RTP er det ei målsetting om å ta vare på eksisterande vegnett. For å nå denne målsettinga bør tiltak innanfor mindre utbetringar prioriterast. Fylkesdirektøren meiner også at det kan vere naturleg å sjå dei ufordelte summene i samheng med eigendelar i evt. tilskotsordningar i samband med NTP/statsbudsjettet.

Rassikring

Løyvingane til prosjekta fv. 500 Folgefonntunnelen-Årsnes, fv. 5722 Flovegen, fv. 53 Ljoteli og fv. 55 Bru over Esefjorden er justert i høve forventa framdrift. Når det gjeld bru over Esefjorden vil det i tillegg vere bindingar utover økonomiplanperioden på 7,2 mill. kr.

To nye prosjekt er prioritert. Det er;

- fv. 79 Steinstøberget, 475,9 mill. kr fordelt på 5,2 mill. kr i 2022, 25,8 mill. kr i 2023, 51,5 mill. kr i 2024 og 154,5 mill. kr i 2025. Her vil det vere ei binding utover økonomiplanperioden på 239 mill. kr
- fv. 609 Heilevang, 875,5 mill. kr fordelt på 20,6 mill. kr i 2022, 48,4 mill. kr i 2023, 185,4 mill. kr i 2024 og 206 mill. kr i 2025. Her vil det vere ei binding utover økonomiplanperioden på 415 mill. kr.

Samleløyvinga *mindre rassikringstiltak* er løyvingar til t.d. fjellreinsk, oppsett av fanggjærde, isnett og bolting. Pågåande prosjekt justert i høve forventa framdrift. Dette gjeld fv. 5600 Eiterneset/Valsvikhammaren og fv. 5724 Olden - Briksdalen.

Det er i 2022 prioritert oppstart av følgjande mindre rassikringstiltak:

- Fv. 49 Storebekken, 24,8 mill. kr fordelt på 15,8 mill. kr i 2022 og 9 mill. kr i 2023
- Fv. 5300 Randen, 21,1 mill. kr fordelt på 1,3 mill. kr i 2022 og 19,8 mill. kr i 2023

- Fv. 5300 Salhus/Klauvaneset, 26,4 mill. kr fordelt på 1,3 mill. kr i 2022 og 25,1 mill. kr i 2023
- Fv. 49 Frølandsuren, 14,5 mill. kr fordelt på med 7,9 mill. kr i 2022 og 6,6 mill. kr i 2023
- Fv. 550 Eitrheimstunnelen Sør, 7,9 mill. kr fordelt på 1,3 mill. kr i 2022 og 6,6 mill. kr i 2023
- Fv. 5653 Trangane, 23,7 mill. kr fordelt på 1,3 mill. kr i 2022 og 22,4 mill. kr i 2023
- Fv. 49 Roadcap Liarostunnelen, 46,4 mill. kr i 2022

Ufordelt løyving RTP

I tillegg er det ei ufordelt løyving på 375,3 mill. kr til rassikring som er lagt inn i perioden 2023-2025, jf. ovanfor.

Byvekstavtalen til fylkesvegane (Miljøløftet 2022-2025) utanom bybanen

Prosjekt og tiltak i byvekstavtalen skal bidra til å nå nullvekstmålet, og samstundes bidra til eit miljøvennleg, effektivt og trygt transportsystem, som sikrar mobilitet for innbyggjarane og næringsliv. Prosjekta i byvekstavtalen vert prioritert gjennom porteføljestyring.

Fylkestinget vedtok i sak 35/2021 handlingsprogrammet for Miljøløftet for perioden 2022-2025.. Det er sett av samla investeringar på 1,4 mrd. kr i neste 4-årsperiode til fylkesvegdelene av Miljøløftet.

Årlege løyvingar er 441,2 mill. kr i 2022, 342,8 mill. kr i 2023, 325,8 mill. kr i 2024 og 297 mill. kr i 2025. Ut over dette er det lagt til meirverdiavgift knytt til eventuelle statlege tilskot på fylkesvegar.

I det endelege budsjettokumentet som kjem til handsaming i november vil det vere ytterlegare omtale av dei ulike prosjekta i Miljøløftet.

Under er det lista opp hovudpunkt for kva det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet i 2022 vert foreslått nytta til:

- Gang og sykkel fylkesveg langs Bybanen byggesteg 4
- Fv582 Storetveitvegen, Hagerups vei-Minde Alle, etablere sykkelveg
- Fv5216 Håkonshellavegen, Alvøen-Myraskjenet, gang- og sykkelveg
- Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen-Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartspuler
- Fv5348 Haugeveien, Nordnesbakken-Margarethastredet, etablere tilbud for syklende
- Fv540 Allestadvegen-Skarphaugen, sykkelveg
- Fv585 Straksløysing for sykkel på strekningen Christies gate-Bradbenken
- Fv558 Trolleybuslinje til Laksevåg, forlenging
- Fv5322 Haldeplasser ved Sletten senter bybanestopp
- Oppgradering signalanlegg og ASP
- Gangveier til kollektivtraseer
- Planlegging fylkesveg i Bergen og til hjertesone og trafikktryggleikstiltak

Investeringsbudsjett - siste møte i finansutvalet i november

I endeleg framlegg til investeringsbudsjett vil opplegget i arbeidsdokument 4/21 igjen verte presentert, men då med desse tilleggane;

- Omtalar for spesifiserte prosjekt som inkluderer summar pr. år og totalkostnad for prosjekt for dei tre investeringsområda.
- Klimavurdering av kvart investeringsprogram.

Tilråding til prosessvedtak nr 3:

Finansutvalet tek følgjande orienteringar om presentert investeringsbudsjett for 2022- 2025 til vitande;

Omrekning av rammene til 2022- kr

Nye moment sidan førre møte; eigedom og kollektiv

Investeringsbudsjett for fylkesveg 2022- 2025 der det vert lagt opp til at delar av investeringsmidlane vert fordelt gjennom arbeidet med handlingsprogrammet til RTP.

3 Driftsbudsjett 2022

I denne delen summerer ein opp moment som justerer sektorane sine rammer for 2022.

Omrekning av sektorrammer i 2022- kr

Løns- og prisstigning

Sektorrammene er oppjustert til 2022-kr. Oppjusterte sektorrammer er synt i tabell under. Her er og rammene for politisk styring og kontrollutval synleggjort.

Endringar som følgje av statsbudsjettet

I tabellen under er påplussingane frå statsbudsjettet til dei ulike sektorane sett opp. Endringane er omtala i delen over om endringar i rammetilskotet.

Budsjettelement	/ i 1000 kr	Sum 2022	Sektor
Auka CO2-avgift		20 000	Mobilitet og kollektiv
Overføring av oppg. kulturminneområdet		540	Kultur, idrett og inkludering
Auka fleksibilitet i vg. opplæring		10 000	Opplæring og kompetanse
Totalt		30 540	

Innarbeidde salderingstiltak

I handsaminga av arbeidsdokument 3/21 gjorde finansutvalet 21. september prosessvedtak der utvalet slutta seg til uttalen frå hovudutvala i høve til rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak. Det betyr at sektorbudsjetta er saldert, og at spesifiserte salderingstiltak er innarbeidde som del av budsjettoplegget.

Administrativt innsparingsprogram

Sektorane sine budsjett for 2022 er redusert med 40 mill. kr som del av administrativt innsparingsprogram.

I opplegget er det lagt opp til at det skal vere mogleg å ta ut ein varig effekt av lågare reiseaktivitet og endra arbeidsmåtar på 25 mill. kr også i tida etter pandemien.

I tillegg vert det lagt opp til administrative effektiviseringstiltak på 15 mill. kr knytt til stillingsreduksjonar som følgje av naturleg avgang eller innsparingar som følgje av samordningseffektar som gjev mindrebehov. I sektorane si detaljering av budsjettet til siste runde i budsjettprosessen vert dette innarbeidd.

Oppdaterte sektorrammer

Sektor	/ i	Budsjett 2022
1000 kr		
Opplæring og kompetanse		3 617 400
Innovasjon og næringsutvikling		150 800
Mobilitet og kollektiv		2 660 100
Infrastruktur og veg		1 260 100
Kultur, idrett og inkludering		323 800
Tannhelse		281 600
Strategi og digitalisering		197 200

Organisasjon og økonomi	729 600
Politisk styring og kontrollorgan	63 400
Total	9 284 000

Sektorane arbeider fram sine framlegg til budsjett på løyvingsnivå, med kostnadsgrupper og ytterlegare detaljering til siste runde i budsjettprosessen.

Meirbehov innanfor sektorane som ikkje er finansierte og mindrebehov

Under er det sett opp ein del moment i sektorane sine budsjett som er meirbehov som enno ikkje er finansierte. Årsaka til dette er at dei i stor grad først har vorte kjende i denne runden av budsjettprosessen. Dersom det vert gjort prosessvedtak på at eitt eller fleire av desse meirbehova skal innarbeidast, vert dette gjort i siste runde av budsjettprosessen, og då med framlegg til finansiering.

Mobilitet og kollektiv:

Auka kostnadar hurtigbåt

I budsjettet til mobilitet og kollektiv er det stipulert ein auke i kontraktskostnadane på hurtigbåt-sida på 12 mill. kr.

Ny felles sonestruktur

I opplegget til neste års budsjett ligg det så langt ikkje inne meirkostnadar til ny felles takst- og sonestruktur for Vestland. Denne kostnaden er rekna til om lag 10 mill. kr.

Innovasjon og næring:

Havbyen Bergen

Dette er eit samarbeidsprosjekt med mange aktørar som vert finansierte av UiB, Bergen kommune og Vestland fylkeskommune. Det er lagt opp til etablering av eit tre- årig prosjekt for Havbyen Bergen, der fylkeskommunen er utfordra til å bidra med 1 mill. kr årleg.

Strategisk utvikling og digitalisering

Regionråd

Det vert vist til fylkestingssak 58/2021 der fylkestinget vedtok at Vestland ser positivt på at kommunar etablerer regionråd basert på kommunelova eller etter lov om interkommunale selskap. Fylkeskommunen er innstilt på å yte eit grunntilskot pr. år til regionråda. Oppfølginga av dette vedtaket vil krevje ei løyving på 4 mill. kr.

Utviklingsmidlar

Strategisk utvikling og digitalisering har eit meirbehov som ikkje er innarbeidd og finansierte i budsjettet. Det dreier seg om utviklingsmidlar, og er i storleiken 0,5 mill. kr.

Klimafestivalen Varmare våtare villare

Klimafestivalen Varmare våtare villare søker om tilskot på 0,5 mill. kr. Festivalen skal haldast i Bergen i mars 2022 og vert arrangert av Norsk Klimastiftelse. Festivalen er planlagt over tre dagar i Bergen sentrum med arrangement på ti ulike scener.

Folkehelseundersøkinga 2022

Det er planlagt ei folkehelseundersøking i 2022. Denne vil koste omlag 1,5 mill. kr. Denne undersøkinga vert gjennomført fast kvart fjerde år.

Mindrebehov

Bruk av biodiesel

Skyss nyttar i dag om lag 50 mill. kr årleg på å krevje biodrivstoff i transportkontraktar. Fylkesutvalet vedtok i møte 20.10.21, sak 202, å gje fylkesdirektøren fullmakt til å forhandle ut kravet om bruk av biodiesel i busskontraktane. Vedtaket gjev eit urealisert mindrebehov som vert frigjort i budsjettprosessen.

Tilråding til prosessvedtak nr 4:

Finansutvalet tek følgjande orienteringar for presentert driftsbudsjett for 2022 til vitande;

- Omrekning av rammene til 2022-kr
- Endringar som følgje av statsbudsjettet
- Oppdaterte sektorrammer

Finansutvalet ber om at fylkesdirektøren innarbeider følgjande meirbehov med spesifisert finansiering;

-
-
-
-

Neste møte - endeleg framlegg til budsjett

I siste møte vil finansutvalet få budsjettdokumentet for 2022 til handsaming. Fylkesdirektøren vil, som det er gjort i budsjettet for inneverande år, kome med ei vidare fordeling av sektorbudsjetta slik at dei er meir detaljerte, m.a. fordelt på kostnadsgrupper.

Som omtala over, vil det vert lagr fram klimabudsjett, og eit kapittel som omhandlar koplinga mellom økonomiplanen og planarbeidet i fylkeskommunen elles.

I tillegg vil det vere ei vidare kopling av budsjett og økonomiplan opp mot måla om klimagassreduksjon ved at ein inkluderer ei klimavurdering av dei tre investeringsprogramma.

Dei delane av budsjettdokumentet som enno ikkje har vore presentert kjem også til handsaming; mellom anna fellesutgifter- og inntekter, finansielle måltal, budsjettreglement og obligatoriske budsjettskjema.

NOTAT: LØYPEMELDING KLIMABUDSJETT

Innhald

1. Bakgrunn.....	1
2. Klimabudsjett som styringsverktøy for å nå mål om utsleppsreduksjonar.....	1
3. Utsleppsstatus.....	2
4. Kor langt er Vestland fylkeskommune komen med klimabudsjett for Vestland.....	3
5. Vegen vidare.....	5

1. Bakgrunn

Fylkestinget vedtok 15. desember 2020 følgjande Verbalpunkt 10: *Fylkestinget ber om at fylkeskommunen sitt klimabudsjett og klimarekneskap skal omfatte heile det geografiske området Vestland.*

Dette punktet er innarbeidd i årsmelding for 2020 og i arbeidet med budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025. Det er også teke omsyn til verbalpunktet i sak til Fylkesutvalet 24.08.21 om planprogram for klimaplan for Vestland, som er under utarbeiding.

Strukturen som blir nytta i klimabudsjett 2022 blir gradvis tilpassa til å inkludere klimagassutslepp frå Vestlandssamfunnet, som del av klimaplanarbeidet.

Løypemeldinga i dette arbeidsdokumentet gir ein kort status over arbeidet med klimabudsjett for 2022, og skal gi eit bilete på kva som skal leverast i budsjettdokumentet 9. november og kva som er endringar i frå førre klimabudsjett for 2021.

2. Klimabudsjett som styringsverktøy for å nå mål om utsleppsreduksjonar

Klimabudsjettet har som formål å kvantifisera kor mykje klimagassar som blir kutta gjennom vedtekne tiltak, og kostnaden for å gjennomføre desse. Klimabudsjettet synleggjer og legg grunnlag for prioriteringar, styring og oppfølging av aktuelle tiltak. Klimabudsjettet skal medverke til større samsvar mellom vedtak i økonomiplan og vedtak i klimaplan og andre regionale planar.

Klimamåla for Vestland krev store utsleppskutt. Vestland fylkeskommune skal ikkje gjere desse kutta aleine. Klimamålsettingane i Utviklingsplan for Vestland kan berre nåast gjennom eit bredt spekter av tiltak og regionale planar, til dømes for klima, berekraftig næringsutvikling og transportplanlegging. Dette krev innsats frå innbyggjarar og næringsliv i Vestland, eit aktivt og godt samarbeid mellom kommunale og statlege styresmakter, og på tvers av fylkeskommunen sine eigne verksemdar.

God oppfølging vert sikra gjennom forankring i den fylkeskommunale organisasjonen med ansvar for tiltak, og gjennom oppfølging av regional klimaplan med tilhøyrande handlingsprogram når det vert vedteke.

Klimabudsjettet tek utgangspunkt i følgjande:

- Eit vanleg budsjett har gjerne ei øvre ramme for kor mykje pengar som kan brukast. På same måte set klimamåla ei øvre ramme for kor mykje klimagassar som kan sleppast ut.
- Klimabudsjettet er verktøyet som vert brukt for å vise kva som skal til og vise korleis ein ligg an for å nå mål om netto-nullutslepp av direkte klimagassar i Vestland innan 2030.
- Klimabudsjettet viser også tiltak og verkemiddel som bidreg til indirekte utsleppskutt og syner til korleis ein kan påverke gjennom berekraftig forbruk og sirkulær økonomi.

Kvifor vi berre «tel» dei direkte utslappa i den norske utslppsrekneskapan


Reduksjon av dei direkte utslappa i Vestland er eit viktig oppdrag for å nå regional målsetting om netto-nullutslipp innan 2030 og for å bidra til å oppfylle norske forplikingar i Parisavtalen.

Norge har i utgangspunktet ansvar for klimagassutslipp på eige territorium. Dette er grunngeve ut i frå at det legg ansvaret der utslappa finn stad, samt at alle indirekte utslipp er direkte utslipp ein annan stad. Dermed er det landet eller kommunen der utslippet skjer som har myndigheit til å regulere utslipp av klimagassar. I ein internasjonal avtale som Paris-avtalen er det vanskeleg å skulle fordele ansvaret for dei indirekte utslappa. Å unngå dobbelteljing av utslppsreduksjonar er eit viktig punkt under Paris-avtalen, og noko som er enklare å unngå når ein har ansvar for klimagassutslipp innanfor landet sine egne grenser.

Likevel er indirekte utslipp betydelege, og kjøp av varer og tenester bidreg til store utslipp utanfor vår region. Klimabudsjettet presenterer difor også tiltak som reduserer indirekte utslipp i egne tabellar og viser korleis ein kan påverke gjennom berekraftig forbruk og sirkulær økonomi (jf. strategi 2.3 i Utviklingsplanen).

3. Utslppsstatus

Tilgjengeleg statistikk frå Miljødirektoratet viser at direkte utslipp av klimagassar i Vestlandsamfunnet tilsvarar 6.625.884 tonn CO₂-ekvivalentar i 2019 (SSB.no, Miljødirektoratet.no). [Figur 1 viser korleis klimagassutslappa fordeler seg mellom sektorane i Vestland.](#)



Figur 1: Kvar kjem utslappa frå i Vestland (Kjelde: Klimastiftelsen.no - Til null)


4. Kor langt er Vestland fylkeskommune komen med klimabudsjett for Vestland

Klimadelen av budsjettet følgjer i stor grad same struktur som klimabudsjett 2021. Klimabudsjettet for 2022 vil vere å finne i eit eige kapittel som i tidlegare år (kapittel 2 Klimaomstilling). I tillegg vil sektorvise klimavurderingar vere del av omtalen til dei einstilte sektorbudsjetta og investeringsprogramma.

Val av systemgrense for klimagassutslipp

Vala ein tek for å avgrense klimabudsjettet legg føringar for kor stor del av det totale utsleppsbiletet som er med i klimabudsjettet, verkemiddelbruk og i kva grad klimabudsjettet blir eit styringsverktøy for å synleggjere effekten av tiltak og måloppnåing.

Ved å avgrense klimabudsjettet til område som kan kvantifiserast, sikrar ein at klimabudsjettet blir eit effektivt styringssystem for å måle framgang opp mot eit mål. Figur 2 illustrerer korleis storleiken på utslepp varierer avhengig av systemgrensene til klimagassrekneskapen og klimabudsjettet. Tala i figuren er fiktive.



Figur 2: Val av systemgrense for klimagassutslepp frå Veileder for klimabudsjett som styringsverktøy (KS.no). Klimafotavtrykket inkluderer både dei direkte og indirekte utsleppa av klimagassar.

Frå verksemdsbasert til samfunnsbasert klimabudsjett

Klimabudsjettet i kapittel 2 omtaler direkte klimagassutslepp frå alle sektorar i Vestlandssamfunnet og har som mål å få fram eit oversyn over den samla innsatsen for å nå regionalt mål om netto-nullutslepp innan 2030.

Medan regional klimaplan er i prosess, vil tiltak i klimabudsjettet for 2022 i stor grad vere avgrensa til tiltak Vestland fylkeskommune har hovudansvar for. Klimabudsjettet legg vekt på å vise både korleis fylkeskommunen påverkar utsleppskutt innanfor eigne tenesteområde og korleis fylkeskommunen som regional samfunnsutviklar og samarbeidspartnar bidreg til utsleppsreduksjon utover eiga verksemd i kraft av rolla som samfunnsutviklar.

Direkte og indirekte klimagassutslepp

Offisiell klimastatistikk frå SSB gir eit bilete av det direkte utsleppet av klimagassar som skjer innanfor fylket sine geografiske grenser (6,6 millionar tonn CO₂ i 2019). Samstundes veit vi at dei indirekte utsleppa som skjer langs heile verdikjeda til dei produkt og tenester som blir konsumert, er betydeleg mykje større (jf. figur 2). I den norske utsleppsrekneskapen frå SSB, er ein stor del av miljøbelastninga frå forbruket ikkje inkludert.

Ein klimafotavtrykk-/forbruksbasert tilnærming blir ein annan måte å tilnærme seg utsleppsbilete på, og eit supplement til det geografiske produsentperspektivet. Ved å jobbe med klimafotavtrykket i klimaplansamheng, tek ein med seg heilskapen og synleggjer i større grad korleis innbyggjarar og verksemdar kan bidra til utsleppskutt gjennom berekraftig forbruk og sirkulære verdikjeda

Vi har per i dag klimafotavtrykksanalyse av Vestland fylkeskommune som verksemd, men ikkje eit forbruksbasert klimarekneskap på samfunnsnivå for Vestland. Indirekte utslepp som Vestlandssamfunnet er ansvarleg for er eit tema som kommande klimaplan har inkludert i planprogrammet, og vil inkludere i den vidare prosessen. Klimabudsjett for 2022 omtaler tiltak som bidreg til reduksjon i dei indirekte klimagassutsleppa i eigne tabellar med hovudvekt på

fylkeskommunen som tiltakseigar. Dette for å synleggjere arbeid for meir berekraftig forbruk og investeringar, og følgjer såleis opp strategi 2.3 i Utviklingsplanen om at «Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp».

Tiltaksoversikt i klimabudsjett for 2022

Klimabudsjettet er planlagt delt inn i fire tiltakstabellar og skil mellom tiltak som skal kutte direkte klimagassutslepp og tiltak som bidreg til å kutte indirekte klimagassutslepp og legg til rette for vidare utsleppsreduksjonar.

Tabell 1 og 2 vil handle om tiltak for å redusere direkte klimagassutslepp og er kopla til Miljødirektoratet sitt fylkesfordelte klimarekneskap og mål om netto-nullutslepp innan 2030 i Vestland:

- Tabell 1: Tiltak som redusera direkte klimagassutslepp i Vestland, kvantifisert
- Tabell 2: Tiltak som er forventa å redusera direkte klimagassutslepp i Vestland, Ikkje-kvantifisert

Tabell 3 og 4 omhandlar tiltak som bidreg til kutt i indirekte klimagassutslepp og andre aktivitetar som legg til rette for utsleppskutt i regionen:

- Tabell 3: Tiltak som bidreg til indirekte utsleppskutt
- Tabell 4: Andre aktivitetar og verktøy som legg til rette for vidare klimaomstilling (t.d. utgreiingar, *tilskotsordningar og liknande*)

Arbeidsprosessen i 2021

Klimadelen av budsjettarbeidet har følgd budsjettprosessen etter finansutvalsmodellen med følgjande delleveransar:

- Statusmelding i finansutvalet i mars (svar på verbalpunkt)
- Klimadel av leveranse til arbeidsdokument 3/21 frå avdelingane (drift) - tema i budsjettringsmøtet juni
- Utgreiing/utsleppsanalyse bestilt som del klimaplanarbeidet (oppdragsperiode oktober - desember 2021)
- Klima del av leveranse til arbeidsdokument 5/21 frå avdelingane (drift og investering) - tema i budsjettringsmøtet i oktober
- Løypemelding til finansutvalet 28. oktober
- Leveranse frå avdelingane og samla klimabudsjett (kap. 2 Klimaomstilling) del av den samla budsjettleveransen til handsaming i finansutvalet 9. november

5. Vegen vidare

I arbeidet med regional plan for klima blir det laga utsleppsanalyse som vil vise fleire scenario for utvikling i klimagassutsleppa i Vestland avhengig av forventa utvikling, verkemiddel og tiltak som kan gjennomførast. Utsleppsramme for klimabudsjettet 2023 vil dermed kome frå regional plan for klima som blir vedteken hausten 2022. Dei tiltaka i klimaplanen sitt handlingsprogram som handlar om å redusere utslepp av klimagassar, vil bli tekne inn i klimabudsjett Vestland.

Også i framtida vil det vere slik at fylkeskommunen har meir informasjon om, og styring med, klimatiltak innan eigne tenesteområde og verkemiddelbruk. Likevel er ambisjonen å vise tiltak som gir monalege kutt i klimagassutsleppa også frå andre aktørar.

Klimaplanens handlingsprogram er også venta å ha tiltak som ikkje rettar seg mot å redusere klimagassutslepp og dei vil difor ikkje bli inkluderte i klimabudsjettet (eks sikre naturmangfald og klimatilpassing).